

Lindås kommune

V/ Linda Folkestad

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
14. 03. 2014	
Ark. saksnr	Løpes.
Saksh.	Filgje- og skriftl.

Lindås 07.03.2014

Ref.2013/2705-0-2040/2014

Svar på brev vedkommande " avkjørsle nr 2. " ved Gbnr 108/113 , Grønfjellet

Omtalte avkjørsle var etablert som einaste avkjørsle og veg til tomt 28 (108/113 frå 1973 til 1978. I 1978 vart avkjørsle stengt i samband med opparbeiding av ny veg og garasje (sjå kart frå 1973).

I samband med forhandlingane med Lindås kommune om kjøp og deling av tomt 27 (108/151) ville eg ikkje akseptera forslag til deling, fordi det var umulig å komma til tomten med kjøreveg utan å rasere heile hagen. Eg ville ha veg inn frå Svehaugane mellom dei to andre tomtane.


I møte med Lindås kommune , der også leiar for teknisk kontor var med, vart det foreslått av nemnte leiar at eg kunne opne avkjørsle som var stengt, då hadde eg opparbeid veg heilt fram til tomtegrensa. Dette aksepterte eg .

Avkjørsle vart opna ei stund etter at eg kjøpte tomten og har sidan vore i bruk. (Ca 84-85)

Kvifor dette no blir sak , 30 år etter, finn eg noko merkeleg , når det einaste eg har gjort er å fylgje det som eg oppfattar som vedtak i Lindås kommune .

Det går og tydelig fram av tidligare brev at du ikkje har heilt oversikt over tomtegrenser , historie eller kvar vegen egentlig går. Eg foreslår difor at vi tar ei befarings på tomtane, der eg er med, før eventuell vidare brevveksling.

Mvh



Tor Vabø